



LOM KOMMUNE

SAKLISTE – INNKALLING

Utval/Styre/råd:	Møtedato:	Klokka	Møtestad:
Kontrollutvalet	7. november 2019	10.00	Vågå kommunehus

Medlemmane blir med dette kalla inn til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

- Magny Hilde (leiar)
- Terje Odde (nestleiar)
- Elisabeth Lunde
- Jan Erik Husom
- Arnstein Rusten

Forfall må meldast snarast mogeleg til sekretær Morten Sørhage, tlf. 469 11018
e-post: morten.sorhage@lom.kommune.no eller til leiar Magny Hilde, tlf. 480 98049.

Sakliste:

Sak nr.	Saka gjeld:
29/2019	Innkalling, sakliste. Orienteringar om kontrollutvalsarbeid

Lom, 7. november 2019
for Magny Hilde

Morten Sørhage
Sekretær

Kopi av innkallinga med sakliste er også sendt til:

- Ordføraren i Lom
- Administrasjonssjefen i Lom
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	20. november 2019	29/2019
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

ORIENTERINGAR OM KONTROLLUTVALSARBEID

Oppgåvene til kontrollutvala er heimla i kommunelova, kapittel 23. Kontrollutvala har ei overordna rolle i kontrollarbeidet mot fleire aktørar.

For å få oversikt over kontrollarbeidet, er det tenleg med fellesmøte i Nord-Gudbrandsdalen. Informasjonen gjev grunnlag for vidare handsaming i dei respektive utvala.

SKNG

Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen orienterer om oppgåvene i kontrollutvala og rolle i kommunal organisasjon.

INNLANDET REVISJON IKS

Dei seks kommunane har avtale med selskapet. Dagleg leiar vil orientere om organisasjonen, revisjonsarbeid og revisjonsoppgåver.

FYLKESMANNEN I INNLANDET

Fylkesmannen i Innlandet orienterer om statlege tilsyn og samordning med den kommunale eigenkontrollen.

INTERNKONTROLL

Kommunedirektør vil orientere om internkontrollen i kommunane.